



## Laurdag 2. desember er den store messedagen på Fitjar bedehus.

Julemessa er ei stor og viktig inntektskjelde, og er ekstra viktig i år når bedehuset har hatt ekstra store utgifter med skifting av tak, montering av solceller og oppussing av loftet.

Ein god komite er i gong og har starta planlegginga av julemessa.

Det vert grautsal, sal av diverse bagst m.m., barnemessa og vaksenmessa. Det vert åresal, hovudbok, barnebok og diversebok. Fredag 17. november og torsdag 23. november vert det sal av lodd i hovudboka og barneboka hos Larsen, og fredag 1. desember vert det loddsal på Rema.

Ynskjer du å bidra med noko så trengs det m.a. hjelp med:

- loddsal på Spar fredag 17. nov. kl 16-18 og på Rema 1. des. kl 16-18.
- gevinstar til hovudbok, barnebok, diversebok og årer
- bagst og andre heimelaga produkt som kan seljast

Gevinstar til hovudbok og barnebok må leverast innan 13. november. Gevinstar til diversebok og årer kan gjerne leverast på førehand, eller seinast på bedehuset på messedagen klokka 10.00.

Heimelaga gevinstar vert sett ekstra stor pris på!

Vil du bidra med noko (eller har spørsmål) så kommenter under her, eller ta kontakt med **Helga Rimmereid 975 28 001** eller **Sigmund Sætre 906 02 553**.